

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr. 1-6.

Emne: Transport av høg.

Oppskr. av: E. Valevaten.

(adresse): Dorgefoss.

Fylke: Vest-Agder.

Herad: Gvre Sirdal.

Bygdelag: Gjelder hele heradet.

Gard: Tveiten der E. Valevaten bur.

G.nr. 15 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, etter eiga røynsle.


~~B. Eller om den er etter andre heimelsmenn:~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):
Oppskriveren er 69 år gammal, er født og oppvokst i den øvre del av heradet, men har bodd i nedre delen ca. 40 år.

1. Det er helst ^{SVAR} inga større gårder; G. Sirdal er ei fjellbygd med små forhold. Før 1860 var det inga vegsamband med byar eller andre bygder. Bygda låg avsides og isolert.

Måten å transportere høyet på er omlag eins på alle gardar og i alle deler av heradet no.

Det er almindelig den dag i dag å slå i utmarka, ifall det er nok folkehjelp. Men heireslåtten har minke mykje i dei siste 20-30 år. I desse siste åra har dei teke til å dyrka opp innmarka nok så sterkt. For 50-60 år sidan var det litet av innmarka som var dyrka til voll. Då hadde dei ikkje byrja å heisa høyet, berre sette det opp i siter den fyrste godversdagen, og kasta desse utover neste høgversdag. Høgversdag tyder godversdag i slåtten. I den gamle tida kunne dei på ein medels stor gard slå opp til 70 vinterlass i heida. I den gamle tida drog dei som ikkje hadde hest - dei drog høyet på snøføre heim or heia på ein liten sled eller ein stor kjelke. No drog ingen. Dei som ikkje har hest sjå, låger andre til i kjøra.

2. Transporten til stakken og utløa i heien gjeng føre seg på den måten at ein

2
legg saman 4 fengjer til ei byrd. Ein legg fengjane lagvis på eit byrdeboj av hamp. Dette bojet er ca. 5 fanner langt, men ligg dobbelt. I bukta er fest ei hegl:  Byrda knepper ein saman ved å smøja endane av bojet gjennom den store lyktkja i hegla og dra til. Toget held ein så over akslene (skuldren). Beraren reiser seg ofte sjölv. Men er to saman, får han hjelp på den måten at hjelparen står bak og lyfter i byrda. Nokon annan måte å transportera høyet til stakken eller utlöa brukar me ikkje her i byrda.

Til hesjen eller turkeplassen på heimeböen transporteras ein høyet anten med hest på langkjerra eller med höygaffel eller også med ei vanleg kullebøi. Bærvalk, kopp, shoe kjennar ein ikkje noko til her.

Skal høyet rullet med over bratte bakkar og stup brukar ein smorsekk. Me kallar det "höysekk". Höysekken er laga av tjukt hampsnöre med store masker eller not. Når sekken er stappfull av höy, er han trillrund. Å frakta höy i höysekk kallar ein å velta höy.

Det er svært sjeldan med lögges treng. Den har av einkilde vov i bruk i omlag 20-30 år.

Kjiper brukar aldri. Han Berru nok så sjeldan kullebøi og i tilfelle vanlege trillebøier. Bær av noko som helst slag brukar ein ikkje.

3. Frå heia, stölane og utmaska eller har ein alltid bruke å kögga høyet heim på vinterføre.

4. I högonna på heimeböen brukar ein vanleg langkjerre utan grind, men hjula er overbyggde på bae sider. Darrisvogn eller hjulstede er hølt utkjent her. På vinterse-

den har ein frå utgamal tid bruka jern- eller stålskoring under meiene. På eigen vill kunne ein køyra kor som helst ein vill.

Same vegna bruka ein til høg- og kornkøyring.

Høyet vart lagt opp lag for lag. Deiv- kvan må liggja på lasset under lessinga og jamma det til og trykkja det fast saman. Det gjeng 5-6 ~~st~~ store byrder i eit summerlass - 8-9 i eit vinterlass på snöföre og stål- skodd slede. Tunga reglar for siste lasset. Det måtte ikkje liggja noko att på merke.

Lasset blir festa med kneppetog, eller kneppelina. Ei slik er tjukkare enn eit vanleg byrde- og. Men også kneppelina har alltid ei hegl i sine ender. Sjå overfor. Ein seier ikkje festa eller gyrdra, men i "kneppa" lasset.

Som regel set ein opp stakkane med 8-9 byrder i kvar, då dette er et vanleg vinterlass.

Berre ein hest brukar ein for lasset om summaren.

5. I utgamal tid slo ein etter avtale så og så mange lass kvar i fellesslåt. No er det slutt med slik fellesslåt.

Som før nemnt køyde og køyra ein høyet heim frå utslåtter og stålslåt- hæslåtter - på snöföre om vinteren.

Dei bønder som hadde utslåtter var ein annan køyde og køyra samtidig etter same felles-avtale. Fløysskogsvegen går dei då saman om å halde framkomande.

og dette kvar unntas bolkvæjning alle som
køyrer same vegen, dei går og moker dei
brattaste og verste snøfornene. Alt etter
feller avhale.

6. Ovenfor er svare på Karlis Hans-
pøtten av høyel frå utmarke går for
seg om vinteren, og Karlis brøysinga bli
ordno. Det er same ordning no som i
eldre tider. Einaste forskjjel på gammalt
tid og no er berre det, at i gamalt tid
drag dei som før sløgt høyel hain er hain
på kjelker eller små sledar, dei som iktje
hadde hestar.

Høyre dagen no som før artar seg slik:
Skel ein etter høy som står 5-10 km. frå
heimen, er dei noksai tidleg ute om morgonen.
Kl. 10-11 er dei framme ved stakken eller utløa.
Så lesse dei høyel lagvis på steden, eller
dei stappar det først i høysekker. Så kneppes
dei lasset godt fast med kneppeliner. Så er
kl. litt amlag 12. I fall det er tungt
snøføre med mykje laus snø, er dei haine att
kl. 14-15.

I gamle dagar, kring 1850, var iktje
folk her kjende med høysekker bundne som net
av ^{tramp} brett til å velte høyel i. I tilfelle dei
hadde høystakker i bratte fjellhider der dei
i ktje på snøføre kunne koma til med
hest og slede, der laga dei ein sloe av unge
björker. Dei la eit lag med björker i botnen, og så
lesste dei høyel på der som eit vanleg lass på slede.
Så la dei björker på sidene og ovanpå ^{og i endene} v og
knepte det til med kneppeliner. Så sette dei
sloen på fart til å glida nedover bratta. Dei

mann sat bak i enden på sloen og skulle prøve styra. Ofte gikk det i susende fart nedover. Når sloen var komen ned, velte dei han heil og halden på høysleden og kørde han heim, eller på kjelken og drog han heim.

Nokon annan slag sloas enn dei nemnde, brukas har aldri voru brukta her auten summar ella vinters det eg veit.

Den vinterslede er nær 1 m. brei og $2\frac{1}{2}$ m. lang.

Den langkjerra er 80 cm. brei og -skjækkene med rekne ca. 4 m. lang.

Tvåsten 28/11-46.

E. Valvatn.